

Møteinnkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Møtestad: Digitalt på Teams

Dato: 15.02.2021

Tidspunkt: 09:00

Velkommen til det fyrste møtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2021!

På grunn av koronasituasjonen i Vestland vert styremøtet gjennomført digitalt på Teams.

Eventuelt forfall må meldast snarast på til forvaltar Marthe på tlf. 91 71 95 51 eller Tor Arne på tlf 90 19 24 71. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Velkommen!

Venleg helsing

Marthe Gjerde og Tor Arne Hauge

Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/21	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 3/21	Besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark	2019/3131	
ST 4/21	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidlar 2021	2020/17911	
ST 5/21	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styret og årsplan for 2021	2020/17982	
ST 6/21	Søknad om fleirårig løyve til motorferdsel i samband med hydrologiske undersøkingar - NVE	2021/567	
ST 7/21	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Stien Nyestølen - Midtnovi - oppgradering og remering - Luster turlag	2020/18688	
ST 8/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker 1. Digital nasjonalparkkonferanse 16.februar 2. Nye styresider 3. Nye nettsider - status 4. Vegskilting Jostedalsbreen – status 5. Gangbru Lundebotnen – status 6. Mediesaker sidan sist 7. Møteplan – tid for neste møte		
RS 1/21	Rapport restaurering av stien til Flatsteinsbu	2019/21874	
RS 2/21	Rapport med tilråding for restaurering av Keisar Wilhelms-sti - Briksdalen	2019/21874	
RS 3/21	Rapport sårbarheit for ferdsl Skålastien, Bøyadalen og Haugadalen	2020/12146	
RS 4/21	Invitasjon til deltaking i referansegruppe for skreditstilling v/JNPS	2021/1714	
RS 5/21	Breturkartet 2021	2019/5689	
RS 6/21	Kartdata for villrein rundt Jostedalsbreen nasjonalpark - villreinområda Svartebotn og Sunnfjord	2021/2067	
RS 7/21	Innfallssporten Bødalsseter - notat frå telefonsamtale med Magne Beinnes	2021/1942	

ST 1/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

**ST 2/21 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med
styreleiar**



Arkivsaksnr: 2019/3131-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 04.02.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	3/21	15.02.2021

Besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark

Innstilling frå forvaltarane

Nasjonalparkstyret ber sekretariatet om å ferdigstille eit utkast til besøksstrategi for handsaming i neste styremøte. Styret ber om at følgjande endringar vert innarbeidd i utkast til besøksstrategi:

1.
2.
3.



Dokument i saka:

- Utkast til besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 08.02.2021
- Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder, digital veileder, Miljødirektoratet
- Mal for besøksstrategi for verneområde
- Innfallsporter, veileder Miljødirektoratet, M-417/2015
- Merkevarestrategi Norges nasjonalparker
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Styresak 25/19 – Revidert framdriftsplan besøksstrategi
- Styresak 34/19 – Status besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark – drøfting av mål, strategiske grep og prioritering av tiltak.

Saksopplysningar

Arbeidet med utforming av ein besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark har strekt seg over lang tid. Vedtak om oppstart av prosjektet vart gjort i desember 2016 og prosjektplan vart vedteken i februar 2017. Målsetjinga var då å få besøksstrategien endeleg godkjend i løpet av 2020, som var opphavleg frist for ferdigstilling frå Miljødirektoratet. Å ha utarbeidd besøksstrategi er sett som krav for å kunne få bruke designmanualen til Norges nasjonalparkar.

Besøksstrategien var sist oppe som sak i nasjonalparkstyret i desember 2019. Tema var då drøfting av mål, strategiske grep og prioritering av tiltak. I det påfølgjande møtet i rådgjevande utval vart utkast til besøksstrategi, med vekt på val av innfallsportar, presentert og drøfta.

I fyrste del av 2020 arbeidde sekretariatet mest med revidering av forvaltningsplanen. Denne vart handsama i nasjonalparkstyret 15.10.2020. I frå desember 2020 har arbeidet med besøksstrategien vore prioritert. Arbeidet har i stor grad handla om å tilpasse utkast til besøksstrategi til ein ny mal for besøksstrategiar som Miljødirektoratet utforma og tok i bruk i 2020. Delar av innhaldet er korta ned og omarbeidd. Kapittelet om naturverdiar er skrive om slik at det i fyrste rekke omtalar naturverdiar som er sårbare for ferdsel og friluftsliv. Det er utarbeidd og sett inn illustrasjonar, figurar og tabellar for å gjere strategien meir oversiktleg og for å få fram hovudutfordringar og mogelegheiter innan besøksforvaltning i og rundt nasjonalparken.

Ei effektiv besøksforvaltning føreset at forvaltninga av verneområda vert sett i samanheng med forvaltninga av områda rundt. Godt samarbeid med lokale og regionale planstyretemakter og reiselivsaktørar er viktig slik at besøksstrategiane kan samkøyra med og innarbeidast i regionale og kommunale planar. For Jostedalsbreen nasjonalpark er mange av innfallsportane som er føreslått plassert godt utanfor vernegrensa og mange av tiltaka i besøksstrategien rettar seg mot randsona til parken. Ein tilrår å kanalisere folk til innfallsportar nær hovudvegane rundt parken for å få ut god informasjon om nasjonalparken., både til dei ynskjer å besøke parken og dei som tilfeldig passerer området. Interesseområdet for besøksforvaltninga til nasjonalparken er difor større enn sjølv verneområdet.

Eit eige kapittel om kommunikasjon, kalla kommunikasjonsplan, er no ein del av besøksstrategien. Kommunikasjonsplan var i utgangspunktet ikkje planlagt å vere ein del av besøksstrategien, men sidan det er ein del av den nye malen frå Miljødirektoratet er det utarbeidd eit enkelt framlegg til kommunikasjonsplan. Å involvere andre aktørar som det er



naturleg å samarbeide med i kommunikasjonsarbeidet bør normalt gjerast når ein lagar ein kommunikasjonsplan, men sekretariatet har for å spare tid valt å lage eit forslag utan å involvere breitt. Kommunikasjonsplanen har ikkje vore drøfta med styret tidlegare.

Besøksstrategien og forvaltningsplanen heng tett i hop og bør difor sendast på felles høyring. Besøksstrategien er i følgje rettleiaren til Miljødirektoratet ein del av forvaltningsplanen for eit verneområde. For verneområde som Jostedalsbreen nasjonalpark, der besøksforvaltninga er ein svært viktig del av forvaltningsarbeidet, er det ein fordel å leggje besøksstrategien som eit vedlegg til forvaltningsplanen og ikkje som eit eige kapittel i forvaltningsplanen. Det vil då vere lettare å revidere besøksstrategien oftare enn forvaltningsplanen.

Før besøksstrategien og forvaltningsplan kan sendast på høyring må dokumenta fagleg godkjennast av Miljødirektoratet.

Vurdering

Sekretariatet vurderer utkastet til besøksstrategi som no ligg føre til å vere eit godt grunnlag for arbeidet med besøksforvaltning i Jostedalsbreen nasjonalpark dei nærmaste åra. Ein stor del av tiltaka som er prioritert for dei nærmaste åra rettar seg mot einskilde innfallsportar og vil innebere investeringar i tilrettelegging, særleg skilting/informasjon, men og andre naudsynte tilretteleggingstiltak. Jostedalsbreen er ein vidstrekta nasjonalpark med mange innfallsportar, av ulik storleik og karakter, og med mange besökande. Heile 40 innfallsportar er nemnt i besøksstrategien – kan hende flest av alle verneområde? Med så mange innfallsportar, som treng større eller mindre tiltak, har vi vurdert det som vanskeleg å lage ein fullstendig tiltaksplan som omtalar alle nødvendige tiltak på kvar einskild innfallsport. Vi har valt å lage ei prioriteringsliste over innfallsportar som seier noko om tenkt rekkefølge i arbeidet med tilrettelegging. Innfallsportar som er prioritert for gjennomføring i t.d. år 2023 vil då måtte planleggjast året før. Utarbeiding av realistisk budsjett vil vere ein del dette av planarbeidet. Kvart år vil nasjonalparkstyret så søkje tiltaksmidlar for gjennomføring av neste års tiltak i tråd med detaljerte planar for kvart tiltak. Større tilretteleggingstiltak, t.d. utvikling av utvikspunkt, krev større og grundigare planarbeid, og dermed meir tid før realisering.

Utkastet til besøksstrategi har nokre punkt som kunne ha vore arbeidd meir med. Særleg gjeld dette kapittelet kommunikasjon. Slik det no ligg føre er det ein fyrste generasjons kommunikasjonsplan utarbeidd av forvaltarane. Å involvere andre aktørar som det er naturleg å samarbeide med i kommunikasjonsarbeidet bør gjerast når ein lagar ein kommunikasjonsplan, men sekretariatet har for å spare tid valt å lage eit forslag utan å involvere breitt. Dersom nasjonalparkstyret ynskjer at det vert arbeidd meir med kommunikasjonsplanen for å involvere naturlege samarbeidspartar som besøkssentera, reiselivsorganisasjonar m.v. så vil det krevje meir tid. Sekretariatet vurderer at ein enkel kommunikasjonsplan kan vere nok i fyrste omgang, men at den bør reviderast innan 2023. Arbeidet med revidering av kommunikasjonsplanen må leggjast opp breiare slik at naturlege samarbeidspartar vert trekt med i prosessen.

Utkastet som no ligg føre er mykje endra i høve tidlegare utkast. Det er viktig at noverande nasjonalparkstyre, som ikkje har handsama besøksstrategien tidlegare, går nøyne igjennom utkastet og drøftar om målsetjingar, strategiske grep og tiltak er slik dei ynskjer og om strategien er forståeleg og kan nyttast som eit godt verktøy i besøksforvaltninga.



Sekretariatet vurderer utkastet til enno å ha nokre manglar og svakheiter, men med litt finpussing, nokre nye figurar og litt meir utfyllande tekst på nokre punkt bør utkastet vere klart til å sendast til fagleg godkjenning i Miljødirektoratet. Nasjonalparkstyret kan då få litt meir tid til å vurdere utkastet, samstundes som sekretariatet kan arbeide vidare med utkastet og leggje det fram for handsaming på nytt i neste styremøte i midten av mars.



Arkivsaksnr: 2020/17911-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 08.02.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	4/21	15.02.2021

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidlar 2021

Innstilling frå forvaltar

Sekretariatet har følgjande framlegg til prioritering av tiltaksmidlane for 2021:

1	Utbetring av sti og varde på Skålastien	15 000
2	Klopplegging av våte parti i Bergsetdalen	30 000
3	Utviding av utsiktspunkt ved Kjenndalsbreen	200 000
4	Kanalisering av ferdsel kring Tungestølen	60 000
5	Utbetring av punkt på driftevegar i Stryn	30 000
6	Rydding av kratt – synleggjere geologisk verneverdiar	20 000
7	Reparasjon av skader på steintrapp Lundeskaret	15 000
8	Skilting og sikring Kattanakken	50 000
9	Restaurering av Keisar Wilhelms sti, Briksdalen	350 000
10	Vedlikehald av stien til Flatbrehytta	50 000
11	Kanalisering av ferdsel forbi sårbare morenar	20 000
12	Reparasjon av erosjonsutsett punkt på stien i Oldeskaret	60 000
13	Vedlikehald av viktige bruer og stiar	40 000
14	Tilrettelegging av sti Andersbenken i Bøyadalen	40 000
15	Skilting i Olden og Briksdalen	0
16	Fjerne øydelagde nasjonalparkskilt og restar	20 000
17	Utarbeiding av skiltplan for Jostedalsbreen nasjonalpark	0
18	Restaurering av stien til Flatsteinbu	0
19	Ferdselsteljing langs utvalde stiar	0
	Pott	1 000 000

Mindre endringar i fordelinga kan sekretariatet handsame om det skulle dukke opp nye moment/endra føresetnadar på dei enkelte prosjekta. Sekretariatet bør rádføre seg med styreleiar dersom det er større endringar på kort varsel, eller dersom ikkje er kapasitet til å følgje opp alle prosjekta. Styret blir fortløpande orientert om prosjekta i løpet av året.



Saksopplysningar

I styresak 29/20 Bestillingsdialog og driftsplan 2021, gjorde nasjonalparkstyret følgjande vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek tiltaksplanen og bestillinga frå Statens naturoppsyn slik den ligg føre i saksutgreiing med fylgjande tillegg:

- Restaurering av stien til Flatsteinbu: Auke med kr. 30 000,-
- Legge til nytt tiltak: Skilting og sikring Kattanakkstien, kr. 100 000,-

Styret ber om at sekretariatet førebud eiga styresak om Kattanakkstien.

Sekretariatet søkte 07.01.2021 miljødirektoratet om tiltaksmidlar via elektronisk søkeradssenter (ESS) med følgjande prioritering:

Tabell 1 Oversikt over søkerader om tiltaksmidlar 2021 – Post 1420.31

Oversikt over alle tiltak						
Pri.	Navn på tiltaket	Tiltakskategori	Tiltakstype	Verneområde	Øk. ansvarlig	Beløp
1	Utbetring av sti og varde på Skålasienn	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	15 000
2	Klopplegging av våte parti i Bergsetdalen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
3	Utviding av utkikkspunkt ved Kjenndalsbreen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	150 000
4	Kanalisering av ferdsel kring Tungestølen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	60 000
5	Utbetring av punkt på driftevegar i Stryn	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

6	Rydding av kratt - synleggjere geol. verneverdiar	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
7	Reparasjon av skader på steintrapp Lundeskaret	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	15 000
8	Skilting og sikring Kattanakken	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	100 000
9	Restaurering av Keisar Wilhelms sti, Briksdalen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	700 000
10	Vedlikehald av stien til Flatbrehytta	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	50 000
11	Kanalisering av ferdsel forbi sårbare morenar	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
12	Reparasjon erosjonsutsatt punkt stien i Oldeskaret	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	60 000
13	Vedlikehald av viktige bruer og stiar	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	40 000
14	Tilrettelegging av sti Andersbenken i Bøyadalen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	40 000
15	Skilting i Olden og Briksdalen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	250 000
16	Fjerne øydelagde nasjonalparkskilt og restar	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000



17	Utarbeiding av skiltplan for Jostedalsbreen NP	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	100 000
18	Restaurering av stien til Flatsteinbu	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	380 000
19	Ferdselsteljing langs utvalde stiar	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Lokalt SNO	1
						2 080 001

I e-post frå Miljødirektoratet datert 01.02.2021 får sekretariatet melding om at tildelingane av tiltaksmidlar (post 1420.31) er lagt inn i elektronisk søknadsregister ESS. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er tildelt ein samla pott på kr 1 000 000,- i tiltaksmidlar i 2021 over post 1420.31 – midlar til tiltak i verneområde. Det var søkt om kr 2 080 001,- , så det må gjerast ei prioritering mellom dei ulike prosjekta . I 2020 fekk Jostedalsbreen nasjonalparkstyre kr 500 000,- og vi har såleis fått dobla tildelinga frå i 2020

Alle dei søkte tiltaka er vurdert av miljødirektoratet til å vere innanfor postføremålet i post 1420.31

Utanom dei løyvde midlane har vi også bede om ferdselsteljarar for å fortsette å samle inn kunnskap om dei besökande i og rundt nasjonalparken. Ferdselsteljarane er eigd av SNO-sentralt og dette delprosjektet medfører difor ingen kostnader for nasjonalparkstyret.

Sekretariatet har gått i gjennom dei søkte prosjekta og drøfta kva for prosjekt som vi tilrår å prioritere for gjennomføring i 2021.

Dei fleste av dei største prosjekta er knytt til området Olden – Briksdalen, tilsaman kr1490 000,- av kr 2 080 000,-. Noko av bakgrunnen for å prioritere tiltak i dette området var innspel frå lokalt næringsliv i samband med deira utfordringar koronasommaren 2020. Stor nedgang i besøket i Olden, grunna næraast full stopp i cruisetrafikk og buss-turisme, medførte at det var stor overkapasitet i Briksdalen og Olden sommaren 2020, medan nabobygda Loen hadde rekordtilstrøyming.

Sidan tiltak i Olden var så stor del av søknadssummen har sekretariatet vore i kontakt med aktørar i Briksdalen for å få innspel om kva for tiltak lokalt reiseliv ynskjer å få gjennomført i 2021.

Vurdering

For å kome i mål innanfor ramma på 1 million har sekretariatet vurdert tiltaka som er omsøkt (tabell 1) og føreslått nokre endringar/kutt. Då tildelt pott er i underkant av halvparten av



omsøkt sum seier det seg sjølv at fleire større prosjekt må vente. Alternativt må mange av dei mindre prosjekta vente for å få råd til nokre få store prosjekt. Sekretariatet har føreslått å utsetje eller redusere fleire store prosjekt:

- Pri. 18 Restaurering av sti til Flatsteinbu – redusert frå kr 380 000,- til 0,-
- Pri. 17 Utarbeiding av skiltplan for JNP – redusert frå kr 100 000,- til 0,-
- Pri. 15 Skilting i Olden og Briksdal – redusert frå kr 250 000,- til 0,-
- Pri. 9 Restaurering av Keisar Wilhelms sti – redusert frå kr 700 000,- til kr 350 000,-
- Pri. 8 Skilting og sikring av Kattanakkstien – redusert frå kr 100 000,- til kr 50 000,-

Dei tre prosjekta som er kutta til 0,- var langt nede på prioritodingslista. Restaurering av stien til Flatsteinbu hadde lågast prioritet og er difor føreslått kutta i år. Utarbeiding av skiltplan for Jostedalsbreen nasjonalpark handlar om å lage ein skiltplan for vegskilting rundt og inn mot nasjonalparken. Dette er eit prosjekt som kan utsetjast, evt. setjast i gang seinare på året om aktuelle samarbeidspartar viser interesse for prosjektideen. Skilting i Olden og Briksdal var meint som eit pilotprosjekt for å prøve ut merking i tråd med merkevarestrategien i ein del av nasjonalparken. Dette prosjektet vil vere naturleg å utsetje til etter at besøksstrategien er godkjent.

Restaurering av Keisar Wilhelms sti er eit prosjekt som av lokalt reiseliv er framheva som viktig å få starta på i 2021. Det er eit prosjekt som truleg kan gjennomførast over to år. Det er difor føreslått å halvere kostnaden for 2021 på dette prosjektet.

Skilting og sikring av Kattanakkstien er eit prosjekt der det enno er litt uklårt kva som bør gjerast i 2021. Eventuelle fysiske sikringstiltak må planleggast og godkjennast i høve verneføresegna før dei kan setjast i verk. Gjennomføring av sikringstiltak vil mest sannsynleg krevje mykje meir ressursar enn midlane som er tilgjengeleg i 2021. Gjennomtenkt og godt planlagt skilting vil truleg vere det mest aktuelle tiltaket som kan gjennomførast før sesongen 2021. Eit skiltprosjekt må gjennomførast i nært samarbeid med lokale aktørar slik at informasjonen som vert presentert på skilta er med og reduserer faren for ulukker på stien. Planlegging av kva som skal skje av eventuelle tiltak for tilrettelegging på Kattanakkstien bør gjerast etter at besøksstrategien for nasjonalparken er godkjent. Sekretariatet har difor føreslått å nytte inntil kr 50 000,- skilting og vidare planlegging av eventuelle sikringstiltak på Kattanakkstien.

Det er berre eit prosjekt som i tilrådinga er føreslått auka. Det gjeld utviding av utsiktsplass i Kjenndalen. Grunnarbeidet i dette prosjektet vart kostnadsrekna til kr 150 000,-, men då var ikkje fundament for skilt og benkar teke med. Om maskiner først er på staden vil det vere effektivt å legge til rette desse fundamenta sjølv om skilt og benkar kjem seinare. Difor har sekretariatet tilrådd å auke denne posten med kr 50 000,- til kr 200 000,- i 2021.

Styret må drøfte om framlegget til prioritering er slik styret ønskjer det.

Styret vil få jamlege oppdateringar på framdrift og økonomisk balanse utover året.



Arkivsaksnr: 2020/17982-0

Sakshandsamar: Marthe Gjerde

Dato: 09.02.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	5/21	15.02.2021

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styret og årsplan for 2021

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret skal møte med jamne mellomrom i 2021 for å arbeide vidare med, og slutføre arbeidet med, forvaltningsplanen og besøksstrategien samt dei nye besøksretta nettsidene. Styret skal gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane, med utgangspunkt i følgjande årshjul:

- 15. februar: Styremøte på Teams (bestillingsmøte 2)
- 16. februar: Nasjonalparkkonferanse, digitalt overført frå Trondheim
- 23. mars: Styremøte på Teams med tema besøksstrategi og forvaltningsplan. Dialogmøte med rådgjevande utval som vart utsett frå desember 2020 grunna covid-19 restriksjonar vert føreslått utsett til november/desember av same årsak
- 3. mai: Styremøte på Teams
- Juni: Styremøte med synfaring ved Tungestølen
- 16.-17. september: Felles styresamling/fagdag med styra for Breheimen og Jotunheimen med synfaring i Jostedal
- November/desember: Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval (bestillingsmøte 1)

Covid-19 situasjonen og utviklinga av smitte vil vere førande for når fysiske møter kan haldast og når møter vert haldne digitalt, men i utgangspunktet satsar vi på fysiske styremøte frå og med juni månad. Fleire møte er avhengige av om viktige, store hastesaker dukkar opp som treng heile styret si vurdering.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal, innan ramma på kr 730 000,- ha god drift og aktivitet i 2021, og det enkelte medlem skal sende inn krav om møtegodtgjersle og reiseutgifter etter kvart møte.



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal nytte dei løyvde planmidlane på kr 430 000,- til følgjande:

Ferdigstilling forvaltningsplan og besøksstrategi	kr 100 000
Skjøtselsplan tre stølsdalar i Stryn	kr 300 000
Ferdigstilling nye nettsider	kr 30 000
Totalt	kr 430 000

Sekretariatet får fullmakt til å gjere mindre endringar mellom desse tiltaka og planane, og skal rádføre seg med styreleiar ved usikkerheit/større endringar.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- E-post frå Miljødirektoratet datert 06.11.20: Rammer og opplegg for Fylkesmannen og verneområdestyrer – innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og bestilling av tjenester fra SNO – 2021
- Vedtekten til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre datert 07.09.2015
- Drift av styret 2021, styresak 28/20
- E-post frå Miljødirektoratet datert 01.02.2020 med tildelt ramme

Jamfør vedtekten *bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer* (punkt 7). Sidan 2011 har nasjonalparkstyret hatt møte mellom fire og åtte gongar i året.

I e-post frå Miljødirektoratet datert 01.02.2020 fekk vi opplyst at tildelinga for drift av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for i år er kr 730 000,- Denne summen representerer ei auke på kr 160 000,- samanlikna med 2020. Grunna covid-19 situasjonen og omlegging til digitale møter samt mindre reiseverksemeld gjekk styret godt under budsjettet for 2020, og driftsbudsjettet hadde ein restpott på kr 107 000,- Rådgjevande utval fekk ikkje møte i 2020.



Tabell 1: Driftsutgifter for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 2020

Konto	Konto (T)	Prosjekt	Periode	Bilagsnr	Koststed	Resultatomr	Kappost	Ansattnr	Ansattnr (T)	Mva	Beløp
4741	Kjøp av programvare - antatt levetid over 3...										5 800,00
5300	Styrer, råd og utvalg										70 143,00
5330	Honorarer										22 705,00
5400	Arbeidsgiveravgift										10 482,10
6420	Leie datasystemer (årlige lisenser m.m.)										823,20
6510	Verktøy og lignende										19 232,00
6570	Arbeidskled og verneutstyr										2 452,80
6590	Annet driftsmateriale										7 423,00
6780	Kjøp av andre fremmede tjenester										234 908,00
6820	Trykksaker, bøker										16 222,00
6860	Møter eksterne										9 715,00
6861	Møter interne										5 143,00
6880	Kurs og seminarer for eksterne deltagere										26 530,82
7100	Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig										17 929,25
7132	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig										9 326,19
7150	Diettkostnad, oppgavepliktig										3 206,00
7151	Diettkostnad, ikke oppgavepliktig										1 025,00
											463 066,36

I 2020 vart styret sine utgifter på kr 463 000,- Fleire av desse postane vil ikkje komme på nytt i 2021.

Sekretariatet vil jamleg minne styret om å sende inn krav om møtegodtgjersle og dekking av reiseutgifter fortløpende etter møta. Sekretariatet satt, i november, opp eit driftsbudsjettpå kr 330 000,- I 2020 blei det ikkje nasjonalparkstyrekonferanse, og for 2021 vert denne arrangert digitalt så budsjettet bør dekke den auka satsen for møtegodtgjersle og dei planlagde møta og synfaringane.

Driftsbudsjettet til styret inkluderer både utgifter til møte, synfaringar, reise- og møtegodtgjersle, samt utgifter til reise for rådgjevande utval (dei får ikkje møtegodtgjersle). Sekretariatet hadde laga framlegg om å søke midlar for markering av 30-års jubileum, men fekk i opplysning at Miljødirektoratet hovudsakleg tildelte midlar til markering av 50-års jubileum. Sekretariatet tilrådde difor under styremøte 02.12.2020 at ein strauk denne posten.

**ST 28/20 Jostedalsbreen nasjonalpark – drift av styret 2021
Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre – 02.12.2020**

Handsaming i styre:

Forvaltarane tilrådde at ein stryk posten for 30-års jubileum, då Miljødirektoratet ikkje tildeler midlar til 30-års jubileum.

Vedtak:

Innstillinga frå forvaltar vart samrøystes vedteke med tilrådd endring.

Styret fekk i tillegg kr 100 000,- til forvaltningsplan- og besøksstrategiarbeid. Denne potten kan dekke utgifter som t.d. kjøp av tenester knytt til layout, kartarbeid, høyringsprosess (bygdemøter om covid-19 situasjonen tillet det, etc.), og annonsering/trykking.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre fekk vidare kr 30 000,- til ferdigstilling av dei nye besøksretta nettsidene.

Både styret sine driftsmidlar og planmidlane kjem frå statsbudsjettet sitt budsjettkapittel 1420.21.



I bestillingsmøte 1 vedtok Jostedalsbreen nasjonalparkstyre følgjande driftsbudsjett for 2020, som vart sendt til Miljødirektoratet via elektronisk søknadssenter i januar 2021:

Tabell 2: Oversikt søker om driftsmidlar 2021 – post .21

Oversikt over alle tiltak					
Navn	Kapittelpost	Fagområde	Kostnadsart	Ansvarlig	Beløp
Driftsmidlar Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	142021 - 21-post Spesielle driftsutgifter Miljødirektoratet	Forvaltning verneområder	Lønn, Driftskostnader, Kjøp av tjenester	Marthe Gjerde	305 000
Planarbeid Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	142021 - 21-post Spesielle driftsutgifter Miljødirektoratet	Forvaltning verneområder	Driftskostnader, Kjøp av tjenester	Marthe Gjerde	100 000
Skjøtselsplan tre stølsdalar i Stryn	142021 - 21-post Spesielle driftsutgifter Miljødirektoratet	Forvaltning verneområder	Kjøp av tjenester	Marthe Gjerde	400 000
Sårbarheitsvurdering av tre stiar i nasjonalparken	142021 - 21-post Spesielle driftsutgifter Miljødirektoratet	Forvaltning verneområder	Kjøp av tjenester	Marthe Gjerde	300 000
Ferdigstilling av nye besøkssider på nett.	142021 - 21-post Spesielle driftsutgifter Miljødirektoratet	Forvaltning verneområder	Kjøp av tjenester	Marthe Gjerde	30 000
Kartlegging av hekkefugl kring Tungestølen.	142021 - 21-post Spesielle driftsutgifter Miljødirektoratet	Forvaltning verneområder	Kjøp av tjenester	Marthe Gjerde	80 000
					1 215 000

Tabell 3 syner tildelinga av driftsmidlar for 2021.



Tabell 3: Tildeling av driftsmidlar 2021

Navn	Status	Innvilget beløp	Kommentar
Driftsmidlar Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	Innvilget	300 000	
Pianarbeid Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	Innvilget	100 000	
Skjøtselsplan tre stølsdalar i Stryn	Delvis innvilget	200 000	
Sårbarheitsvurdering av tre stiar i nasjonalparken	Delvis innvilget	100 000	
Ferdigstilling av nye besökssider på nett.	Innvilget	30 000	
Kartlegging av hekkefugl kring Tungestølen.	Avslag		
		730 000	

Vurdering

To viktige møtetidspunkt for nasjonalparkstyret kvart år er i februar/mars og i november/desember. Då er det planlegging av tiltak i inneverande/neste år i nasjonalparken. Styret signaliserer stor interesse for å komme seg ut og sjå på tiltak og prosjekt. Styret bør få til to møte med synfaring i løpet av sommarsesongen dersom covid-19 situasjonen tillet dette. Når styret har gjennomført store tilretteleggingstiltak bør dette også markerast med ein offisiell opning, helst i samband med eit styremøte. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt i nasjonalparken er mellom juni og september/oktober, avhengig av snømengde og mål for synfaringa.

Erfaringsmessig tek det tid å komme seg ut i nasjonalparken. Det er ofte langt for enkelte styremedlem å komme seg til ein møtestad, og mange høgdemeter inn i verneområdet. Dersom ein t.d. held styremøte ein ettermiddag/kveld, overnattar og tar ein synfaring dagen etter, vil ein kunne rekkje lengre og høgare. I fjar var styret på tur til Sunndalen og opna den restaurerte driftevegen der. I 2019 var det offisiell opning av nye Tungestølen, og i samband med at det no er omsøkt tiltaksmidlar til kanalisering av ferdsel kring denne innfallsporten samt i arbeidet med besøksstrategien har styret ønskja å sjå denne innfallsporten. Her er det naturleg at styret tek eit møte med synfaring i sommarsesongen.

Ein annan plass der styret bør besøke er Jostedalen. Her er det i 2020 gjennomført klopplegging av våte parti i Bergsetdalen, og dette arbeidet skal ferdigstilla i 2021. Dette er foreslått gjennomført som ein felles styresamling/fagdag saman med styra for Breheimen og Jotunheimen i september. Sekretariatet føreslår at styret samlast i Jostedal om ettermiddagen den 16. september for møte og middag, og at felles synfaring/fagdag vert fredag den 17. september. Foreløpig dialog med sekretariatet til Breheimen og Jotunheimen gir at denne datoan kan høve for dei fleste styra. Her kan det bli gode diskusjonar kring auka besøk og sårbar natur, samt at det er lett tilgjengelege brearmar i nærleiken. I tillegg har Nigardsbreen naturreservat byrja skilte etter den nye merkevarestrategien, noko som kan vere nyttig for styret å dra erfaringar frå.



Av styret sitt driftsbudsjett på kr 300 000,- har sekretariatet rekna:
kr 130 000,- til møtegodtgjersle,
kr 45 000,- til reiseutgifter og
kr 130 000,- til møteutgifter (lokale, overnatting, servering, og liknande).

Styret ønskjer å kombinere minst eitt styremøte i løpet av året med å treffe rådgjevande utval. I fjor vart det ikkje eit slikt fellesmøte grunna covid-19 føringar. Sekretariatet forventar at situasjonen i november/desember tillet dette.

Dei 100 000,- som nasjonalparkstyret har fått til planarbeid med forvaltningsplan og besøksstrategi må fordelast ved ferdigstillinga av desse. Denne potten kan dekke utgifter som t.d. kjøp av tenester knytt til layout, kartarbeid, høyringsprosess (bygdemøter om covid-19 situasjonen tillet det, etc.), og annonsering/trykking. Miljødirektoratet skriv i e-post at det er *I stor grad lagt vekt på å få på plass forvaltningsplaner og besøksstrategier for de som ikke har det.*

Dei 300 000,- som Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har fått til planarbeid som omfattar sårbarheitsvurderingar og skjøtselsplanarbeid må fordelast mellom ønskja kartleggingar/planar. Ein skjøtselsplan kan bli kostbart, men dersom ein t.d. begynner med eitt dalføre, t.d. Erdalen, kan ein kanskje lage ein grei plan innanfor det føreslegne budsjettet? Det er viktig at planen er god nok, då får ein heller ta eitt område av gongen. For 2020 var det i liten grad rom for skjøtselsplanar, og den tildelte summen på kr 100 000,- vart omprioritert til sårbarheitsvurderingar. Om temaet for 2021 skriv Miljødirektoratet i e-post at *Små rammer har i stor grad dessverre gått utover omsøkte kartleggingar, og til en viss grad skjøtselsplaner.* Sekretariatet foreslår at arbeidet med skjøtselsplan vert prioritert og endeleg igangsett i 2021 etter fleire år med søknad om midlar til skjøtselsplanarbeid. Sekretariatet foreslår vidare at ein omprioriterer den samla potten på 300 000,- til skjøtselsplanarbeid, og at ein utset sårbarheitsvurderingar til neste års søknadsrunde. For 2020 fekk nasjonalparkstyret utarbeidd tre sårbarheitsvurderingar som då vart prioritert over skjøtselsplanar.

Fuglekartlegginga er også viktig for kunnskapsgrunnlaget og sårbarheita i ulike delområde. Dette har ikkje vorte prioritert ved årets tildeling.

Dei 30 000,- som Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har fått til ferdigstilling av nye nettsider foreslår sekretariatet vert nytta til utgifter til grafisk design, innkjøp av stillbilete/video og språkvask. Om dette temaet skriv Miljødirektoratet at *Midler til nettsider er tildelt til de som har søkt om det (maks 75000 kr), designmanualen skal følges.* Dei nye besøksretta nettsidene kan så publiseraast etter endeleg godkjenning av besøksstrategien.



Arkivsaksnr: 2021/567-0

Sakshandsamar: Marthe Gjerde

Dato: 02.02.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	6/21	15.02.2021

Søknad om fleirårig løyve til motorferdsel i samband med hydrologiske undersøkingar – NVE

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt, i verneforskrifta, til NVE v/Bjarne Kjøllmoen for å nytte helikopter og snøskuter i avgrensa omfang, for å utføre feltarbeid i samband med oppdragsrelaterte og forskingsmessige hydrologiske undersøkingar, i perioden 2021 – 2024.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld bruk av snøskuter, samt flyging med helikopter lågare enn 300 m over bakken, og landing på og ved Austdalsbreen, Baklibreen, Stegholtbreen og Tunsbergdalsbreen (Brimkjelen), i samband med NVE sine forskingsoppgåver.
- Motorferdsla avgrensar seg til det som er strengt naudsynt for å gjennomføre dei konsesjonspålagde forskingsoppgåvene på ein tilfredsstillande måte, medrekna pårekneleg stell og vedlikehald av materiellet. Arbeidet skal planleggjast og samordnast slik at trøngen for motortransport vert minst mogleg.
- I den grad det let seg gjere, skal køyringa avgrense seg til tider og trasear der det skapar minst mogleg uro, og slik at faren for terrengskade vert minst mogleg. Ved bruk av snøskuter skal ein så langt som mogleg følgje same rute slik at synlege snøskuterspor dekkjer minst mogleg areal.
- Motorferdsel så langt som råd er vert unngått i helgane (fredag ettermiddag – søndag kveld) og i fellesferien i juli. Dispensasjonane for motorferdsel gjeld ikkje dei store utfartsdagane i mai og juni (kring 1. mai, 17.mai, Kr. Himmelfartsdag og pinse).
- NVE skal rydde opp etter eigne aktivitetar, slik at det ikkje ligg avfall, emballasje eller anna att i terrenget. Dersom målestasjonar etc. blir tekne ned, skal plassen ryddast for det som måtte vere att av restar.
- Det vert gjeve skriftleg eller munnleg melding til Statens naturoppsyn Jostedalsbreen v/Anne Rudsgen eller sekretariatet for nasjonalparken seinast dagen før utreise,



som kan utsette den motoriserte ferdsla dersom det er omsynskrevjande artar i aktivitetsområdet.

- Det vert gjeve skriftleg tilbakemelding til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter kvar tur, gjerne med generelle observasjonar av dyreliv e.a. frå områda.
- Det skal førast køyrebon årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane.
- Køyrebok skal sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre innan 31. desember kvart år.

I saker som omhandlar motorferdsle må alltid løyve frå grunneigar og kommune også innhentast før motorferdsle skal skje.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad ved e-post frå NVE datert 13. januar 2021.
- Tidlegare løyve – datert 07.12.2016, sak 46/16.
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1991.
- Naturmangfaldlova.

Søknaden:

Søknaden er sendt den 13. januar 2021 og signert NVE v/ Bjarne Kjøllmoen. NVE og forvaltar har også hatt kontakt over e-post. Søknaden gjeld fornying av eit fleirårig løyve gitt til NVE av nasjonalparkstyret, i sak 46/16 den 02.12.2016.

Søknaden frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjeld utføring av feltarbeid i samband med glasiologiske undersøkingar på Nigardsbreen, Austdalsbreen, Baklibreen, Stegholtbreen og Tunsbergdalsbreen (Brimkjelen). Undersøkingane omfattar måling av massebalanse, frontposisjonsendringar, brerørsle og klimaparametrar, måling og observasjon av faren for isras, og fotografering for å kunne dokumentere eventuelle endringar i bresjøen i Brimkjelen. For å gjere undersøkingane må NVE nytte helikopter (lågtflyging og landing) ved Nigardsbreen, Austdalsbreen, Baklibreen, Stegholtbreen og Brimkjelen, og nytte snøskuter på Nigardsbreen og Austdalsbreen. NVE har også midlertidige og meir permanente måleinstrument, i fjell på og ved breane. Feltarbeidet skal gjerast i januar/februar (1-2 dagar), april-mai (3-6 dagar), juli/august (2-4 dagar) og i september/oktober (2-3 dagar).

NVE har hatt fleirårig løyve til denne aktiviteten i fleire periodar, seinast for perioden 2017-2020. NVE skriv vidare at bak søknaden ligg forståing for at all verksemد og ferdsla som er nemnt i søknaden skal gå føre seg på ein mest mogleg skånsam måte. Søknaden omfattar også aktivitet i Nigardsbreen naturreservat. Den delen av søknaden er under myndet til Luster kommune, og må avgjerast der.



Lovgrunnlag:

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel i samband med vitskaplege granskningar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon (verneforskrifta § IV, pkt. 4.3).

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

NVE sine undersøkingar gjeld for ein stor del konsesjonspålagde undersøkingar. Målingane har stor vitskapleg interesse, m.a. i internasjonal klimasamanheng. Rundt Jostedalsbreen er det mange breamar, som inntil nokre år etter tusenårsskiftet var av dei få i verda som gjekk fram. Dei siste åra har fleire av breamane gått sterkt tilbake. Målingane på og framfor breamane har i verdssamanheng ei lang historie, på Nigardsbreen allereie frå 1962. Forvaltningsstyresmakta har også nytte av resultata frå NVE sine undersøkingar.

NVE har på visse vilkår i fleire omgangar hatt fleirårige løyve til motorferdsel i nasjonalparken. Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen), som tidlegare forvaltningsstyresmakt, har vore godt nøgd med samarbeidet og måten løyvet har blitt følgt opp, m.a. ved at kunnskap med bakgrunn i NVE sine undersøkingar som er relevante for forvaltinga, vert stilt til rådvelde for forvaltningsstyresmakta. Forskingsarbeidet til NVE er også vurdert som viktig i forvalningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Kunnskapen om naturmangfaldet er henta frå forvalningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark og miljostatus.no og naturbase.no (artar på raudlista, prioriterte artar, viktige naturtypar, utvalde naturtypar og villreinområde). Områda består av bre, og område nære bre med lite vegetasjon. Den raudlista arten jerv er registrert i området, men er nok berre eit streifdyr i Jostedalen. Austdalsbreen er del av leveområdet til villreinen i Ottadalen villreinområde, og eit viktig trekkområde passerer over Austdalsbreen.

Tiltaka vil isolert sett ha liten effekt på natur- og kulturlandskapet. Den motoriserte ferdsla kan påverke villreinen i området, men nasjonalparkforvaltaren meiner det kan setjast vilkår for eit eventuelt løyve som reduserer den negative påverknaden.

Nasjonalparkforvaltaren kjenner til at NVE har ein fast stasjon ved Steinmannen. NVE har tidlegare sendt over kart over ruter og måleinstrument i verneområdet.



Nasjonalparkforvaltaren legg vidare til grunn at tiltaka i liten grad vil påverke trua, nær trua eller verdifullt naturmangfald som er omfatta av verneføremålet, og at kunnskapen som ligg til grunn for behandling av søknaden er i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8.

Av omsyn til villreinen meiner nasjonalparkforvaltaren at det bør setjast vilkår om at aktivitet på Austdalsbreen kan utsetjast til eit seinare tidspunkt dersom det er kjent at det er villrein i området som kan bli uroa av aktiviteten til NVE, jamfør nml § 12. NVE bør difor varsle forvaltninga eller Statens naturoppsyn Jostedalsbreen v/Anne Rudsenget seinast dagen før. Forvaltninga bør kunne påleggje NVE å utsetje turen til villreinen ikkje lenger er i området.

§ 11 i naturmangfaldlova om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er ikkje relevant i denne saka.

Nasjonalparkforvaltaren meiner difor at samla belastning av tiltaket, eksisterande tiltak og moglege framtidige tiltak er akseptabel (nml § 10). Etter nasjonalparkforvaltaren sin oppfatning ligg det føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på dette mangfaldet. Føre-var-prinsippet får difor liten vekt i saka, jamfør nml § 9. Av omsyn til folk som ferdast i området, bør det setjast vilkår om at den motoriserte ferdsela skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro.

NVE bør unngå motorisert ferdsel i helgene, og det bør ikkje gis dispensasjon til motorisert ferdsel i dei store utfartsdagane i mai og juni (kring 1. mai, 17. mai, Kr. Himmelfartsdag og pinse).

Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet og heller ikkje medfører negativ påverknad på naturmangfaldet.

Nasjonalparkstyret plar gje fireårige løyve, og forvaltar tilrår at søknaden frå NVE også vert tildelt fireårig løyve i praksis med tidlegare løyver.



Arkivsaksnr: 2020/18688-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 09.02.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	7/21	15.02.2021

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Stien Nyestølen - Midtnovi - oppgradering og remering - Luster turlag

Innstilling fra forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev løyve etter verneforskrifta sin § IV, punkt 1.3, 3. og 4. strekpunkt til å rydde, merke oppatt og legge til rette stien mellom Nyestølen og Midtnovi med klopper og bruer i tråd med

Merkinga skal ikkje vere fast fjell, på gamle særmerkte tre eller på andre viktige natur- eller kulturminne, og skal elles følgje Merkehåndboka.

Dokument i saka

- 08.12.2020 - Søknad frå Luster turlag om remering av sti Nyestølen – Midtnovi
- Synfaringsrapport Nyestølen – Midtnovi, Luster kommune
- NINA Rapport 1409 – Vurdering av kor sårbarle utvalde lokalitetar i Jostedalsbreen nasjonalpark er for ferdsel. Austerdalen, Langedalen og Krundalen-Tuftebreen
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark, 1994

Saksopplysningar

I søknad motteke 08.12.20 frå Luster turlag vert det søkt om å remerke, rydde og tilretteleggje den gamle T-merka turstien frå Nyestølen til Midtnovi. Stien er om lag 5 km lang, der om lag 2,5 km er innanfor nasjonalparkgrensa.

Luster turlag ynskjer å

Nasjonalparkforvaltinga hadde i samarbeid med Luster kommune, Luster turlag, Veitastrond IL og Veitastrond bygdelag synfaring på stien Nyestølen - Midtnovi



Vurdering

ST 8/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker

RS 1/21 Rapport restaurering av stien til Flatsteinsbu

RS 2/21 Rapport med tilråding for restaurering av Keisar Wilhelms-sti - Briksdalen

RS 3/21 Rapport sårbarheit for ferdsel Skålasiens, Bøyadalen og Haugadalen

RS 4/21 Invitasjon til deltagning i referansegruppe for skredutstilling v/JNPS

RS 5/21 Breturkartet 2021

RS 6/21 Kartdata for villrein rundt Jostedalsbreen nasjonalpark - villreinområda Svartebotn og Sunnfjord

RS 7/21 Innfallsporten Bødalsseter - notat fra telefonsamtale med Magne Beinnes